

# Prosjektstøtte til private og frivillige organisasjoner for 2025

Private og frivillige organisasjoner kan søke om tilskot til prosjekt som støtter prioriterte mål for grunnskolar og vidaregåande opplæring.

---

**TILSKUDDSORDNING** | SIST ENDRET: 24.10.2024

---

**Kven kan søke:** Private og frivillige organisasjoner i Noreg, inkludert ideelle aksjeselskap, som fyller kriteria for ordninga (sjå nedanfor)

**Søknadsfrist:** 13. desember 2024 kl. 23.59

**Her søker du:**

- [elektronisk søknadsskjema](#)
- [vedleggsskjema til prosjektsøknaden - bokmål \(xlsx\)](#)
- [vedleggsskjema til prosjektsøknaden - nynorsk \(xlsx\)](#)
- [mal for prosjektbudsjett \(xlsx\)](#)

**Rapporteringsfrist:**

- Eittårige prosjekt: sluttrapportering innan 1. juli i året etter tildelingsåret.
- Fleirårige prosjekt: årlege undervegs-rapporteringar innan 1. oktober, og sluttrapportering innan 1. juli i året etter det siste tildelingsåret.

## Om ordninga

For 2025 er formålet å stimulere organisasjonar til å iverksette

- tiltak mot mobbing i skolen
- prosjekt som stimulerer til auka leseferdigheiter og leselyst i skolen
- prosjekt som stimulerer til leseglede i barnehage

Dei prosjekttretta tiltaka må vere landsdekkande, og nå flest moglege barn i barnehage, elevar og lærlingar i grunnskole og vidaregåande opplæring. Søkjaren må kunne synleggjere den forventa nytteeffekten ved å skildre planlagde eller igangsette aktivitetar/tiltak.

Dette er ei prosjektstøtteordning, og organisasjonar kan derfor ikkje søke om tilskot til ordinær drift frå ordninga. Tiltaka i søknaden må gjelde prosjekttretta aktivitetar som er tidsavgrensa, og som blir følgt opp som eigne økonomiske einingar. Prosjekta kan vere eittårige eller gå over fleire år, med ei maksimal tidsramme på 3 år. Med atterhald om Stortingets årlege budsjettløyving til ordninga, kan tilskotsmottakarar få innvilga prosjektstøtte for inntil 3 år, med prosjektavslutning seinast 31.12.2027.

Det er berre søknader som gjeld tiltak mot mobbing i skolen, prosjekt som stimulerer til auka leseferdigheiter og leselyst i skolen samt prosjekt som stimulerer til leseglede i barnehage som vil bli vurderte for eventuell tilskotstildeling.

Om statsbudsjettet for tilskotsposten blir vedteke i samsvar med budsjettframlegget for 2025, vil potten til fordeling på nye prosjektsøknader vere på om lag 8,3 mill. kroner for 2025.

## Kven kan få prosjektstøtte?

Private og frivillige organisasjonar i Noreg, inkludert ideelle aksjeselskap, som fullt ut fyller desse kriteria:

- er registrert i Einingsregisteret og Frivillighetsregisteret
- har eit ideelt formål i samsvar med sine vedtekter
- representerer ei interessegruppe, brukargruppe, eit fagfelt etc.
- ikkje er ei bransjeforeining
- ikkje er organisert av det offentlege
- baserer sitt arbeid på medlemsavgifter eller støtte frå offentlege styresmakter og/eller private gjevarar
- ikkje har som formål å tene pengar (non-profit)
- har vedtektsfesta at eit eventuelt overskott skal tilbakeførast til organisasjonen si drift
- kan bidra på ein positiv måte i arbeidet mot mobbing i skolen og/eller kan stimulere til auka leseferdigheit og leselyst

## Slik søker du

Du finn lenke til søknadsskjema og obligatoriske vedlegg øvst på sida. Søknader som er mottekne hos Utdanningsdirektoratet etter søknadsfristen, blir ikkje saksbehandla.

## **I det elektroniske søknadsskjemaet skal søkjar gje følgjande opplysningar om søkjarorganisasjonen**

- organisasjonens namn i samsvar med registrering i Einingsregisteret
- organisasjonsnummer
- organisasjonsform, dokumentert med utskrift frå Einingsregisteret
- organisasjonens postadresse
- organisasjonens offisielle e-postadresse og eventuell nettsideadresse
- bankkontonummer for utbetaling av eventuell prosjektstøtte
- namn, e-postadresse og telefonnummer til person som er ansvarleg for organisasjonens søknad om prosjektstøtte
- søknadsbeløp
- skildring av tiltaket eller tiltaka som det søkjast prosjektstøtte til. Skildringa av tiltaka/aktivitetane må få klart fram omfanget og forventna verknad av tiltaket i høve til tilskotsordninga si målsetting, kva målgrupper tiltaket gjeld, og i kva omfang og på kva måte dette vil bli gjennomført (beskrivinga skal leggjast ved som eit vedlegg til søknaden)
- organisasjonen sine kvalifikasjonar, føresetnader og planar for gjennomføring av prosjektet
- prosjektbudsjett for søknadens tiltak, der alle tiltaket sine inntekter og kostnader er med (budsjettet skal leggjast ved som eit vedlegg til søknaden)
- obligatorisk vedleggsskjema til søknaden (sjå punktet «Obligatorisk vedleggsskjema» nedanfor, skjemaet skal fyllast ut og leggjast ved som eit vedlegg til søknaden)
- opplysning om det er søkt om tilskot frå andre instansar til tiltaket/aktiviteten
- oppdatert informasjon om dagleg leiar, styreleiar og eventuelt andre ansvarlege nøkkelpersonar i organisasjonen (vedlegg til søknaden)
- organisasjonen sine vedtekter (vedlegg til søknaden)
- organisasjonen sin siste årsrapport og revisorattesterte årsrekneskap med notar (vedlegg til søknaden)
- årsbudsjett for organisasjonen som heile (vedlegg til søknaden)

# Tildeling

Ordninga har ikkje berekningsreglar. Løyvinga på posten blir fastsett etter vedtak i Stortinget.

Utdanningsdirektoratet vurderer søknadene og fattar vedtak om fordeling av midlar etter ei totalvurdering på skjønsmessig grunnlag.

## Rapportering

- For eittårige prosjekt skal du sende inn sluttrapportering innan 1. juli i året etter tildelingsåret.
- For fleirårige prosjekt skal du sende inn årlege undervegs-rapporteringar innan 1. oktober, og sluttrapportering innan 1. juli i året etter det siste tildelingsåret.

Send inn prosjektrapport og eventuelt andre dokument som skildrar gjennomføringa av prosjektet i tilskotsåret.

- Av rapporten må det gå fram korleis organisasjonen gjennom prosjektet har medverka til å nå målet for tilskotsordninga, og korleis organisasjonens tiltak er gjennomført i samsvar med vilkåra for innvilga prosjektstøtte.

## Prosjektrekneskap og revisjonsmelding for prosjektet

Prosjektrekneskapen skal utgjere ei separat eining i organisasjonen sin årsregnskap.

- Den årlege prosjektrekneskapen skal omfatte alle prosjektet sine inntekter og kostnader, og skal vere bokført på underpost-nivå i samsvar med Norsk Standard Kontoplan NS 4102.
- Statstilskotet frå tilskotsordninga skal spesifiserast i ei eiga linje i prosjektrekneskapen, og eventuelle tilskot frå andre statlege instansar skal også gå fram i eigne linjer i prosjektrekneskapen.
- Prosjektrekneskapen skal kunne samanhaldast med søknaden sitt prosjektbudsjett.

For tilskot som overstig kr 200.000, skal prosjektrekneskapen reviderast av statsautorisert revisor.

Årsrekneskap og årsrapport for organisasjonens samla verksemd i det enkelte tildelingsår. Tilskotet frå Utdanningsdirektoratet må spesifiserast i ei eiga linje i resultatrekneskapen eller i note til årsrekneskapen.

## Revisors oppgåver

Statsautorisert revisor skal attestere årsrekneskapen og prosjektrekneskapen for tilskot som overstig kr 200.000. Revisjonsmeldingane må innehalde opplysningar om økonomisk nettoresultat i dei reviderte rekneskapane.

## Tildeling 2024

Følgjande organisasjonar fekk tilskot i 2024

Organisasjon	Type tiltak	Prosjektnamn	Prosjektperiode	Tilskot i prosjektperioden
Foreningen !les	Auka leseferdigheiter og leselest	<ul style="list-style-type: none"><li>• Les og lek</li><li>• Idrettens lesedag</li></ul>	3 år	5 029 500
Drama- og teaterpedagogene	Auka leseferdigheiter og leselest	Bli med inn i boka - læringsressurs og turné til skoler	2 år	620 500
Foreningen !les	Tiltak mot mobbing i skolen	Bokprat: VGS	3 år	1 908 000
Redd Barna	Tiltak mot mobbing i skolen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Styrket foreldresamarbeid</li><li>• Ingen utenfor</li></ul>	2 år	1 300 000